



MØTEPROTOKOLL

FORMANNSKAP/PLAN- OG ØKONOMIUTVALET

Møtedato: 10.06.2020
Møtestad: Heradshuset, Dale
Møtetid: 12:15 - 16:45

Møtedeltakarar:

| Medlemmer | Parti | Rolle |
|-----------------------------|-------|--------------|
| Hege Eide Vik | SP | Ordførar |
| Kjartan Haugsnes | SV | Varaordførar |
| Erlend Hesjedal-Johannessen | H | Medlem |
| Amalie Johnsen Lunde | H | Medlem |
| Boris Groth | FRP | Medlem |
| Thor Andersen | AP | Medlem |
| Heidi Rongved | AP | Medlem |

PERMISJON

Amalie Johnsen Lunde fekk permisjon frå kl 15.00, før vedtak i sak 38/2020.

Andre møtande:

Rådmann Atle Fasteland,
Assisterande rådmann Åse Elin Myking
Økonomisjef Kenneth Stokke,
Politisk sekretær Lin Tove Thomassen,
Assisterande rådmann Åse Elin Myking tok over for rådmann Atle Fasteland frå sak 40/2020.

Saksliste

| SAKSNR | TITTEL |
|---------|--|
| 34/2020 | GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE |
| 35/2020 | GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL |
| 36/2020 | REFERATSAKER OG MELDINGAR |



Vaksdal kommune

- 37/2020** **BYGG HELSE OG OMSORG - HEILSKAPLEG LØYSING**
- 38/2020** **TERTIALRAPPORTERING 1 - 2020**
- 39/2020** **ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING VAKSDAL KOMMUNE 2019**
- 40/2020** **UTVIDA LÅNERAMME FOR STARTLÅN**
- 41/2020** **KULTURPRIS 2020 - STAD FOR UTDELING OG NY KUNNGJERING**
- 42/2020** **VAL AV ARBEIDSGRUPPE - STANGHELLE- KONFERANSE 2020**
- 43/2020** **VAKSDAL NÆRINGSSKAP AS - STATUS OG VEGEN VIDARE**
- 44/2020** **TILTAKSMIDLAR TIL VEDLIKEHALD I 2020**
- 45/2020** **KLAGE PÅ LØYVE TIL NY FRITIDSBUSTAD PÅ GBNR 70/2/55 RAUNEHAUGEN**



34/2020: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 10.06.2020

Behandling:

Samrøystes vedtak

FPØ - sak 34/2020 Vedtak/Tilråding:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

35/2020: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 10.06.2020

Behandling:

Samrøystes vedtak

FPØ - sak 35/2020 Vedtak/Tilråding:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

36/2020: REFERATSAKER OG MELDINGAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 10.06.2020



Behandling:

Samrøystes vedtak

FPØ - sak 36/2020 Vedtak/Tilråding:

Referatsakene vert tatt til orientering.

37/2020: BYGG HELSE OG OMSORG - HEILSKAPLEG LØYSING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret gjer vedtak om å arbeide vidare med alternativ 2A etter oppsett ramme og tidsplan. Kommunen søker Husbanken om investeringstilskot i 2020. Arbeidet med utvikling av Helsehuset på Dale vert vidareført.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 10.06.2020

Behandling:

Thor Andersen (AP) la fram utsetjingsforslag frå Arbeidarpartiet:

For å kunna seia noko om korleis vi skal rigga eldreomsorga vår, så må vi få vita kor mange sjukeheimsplassar vi treng. Dette har vi etterspurd før og då har vi fått framskivingane frå SSB. Desse framskivingane stemmer ikkje med våre reelle behov.



Vi ber om at administrasjonen ser nokre år (5?) bakover i tid og ser kor mange plassar vi brukte, topp, bunn og gjennomsnitt, og kor mange plassar SSB sa at vi hadde bruk for. Då vil vi få fakta på bordet om kor mange plassar vi reelt hadde bruk for og kva SSB meinte. Erfaringane frå det kan vi bruka når vi planlegg antall plassar for framtida.

Vi har bedt om ein ekstern gjennomgang av helse- og omsorg, det blir å ta ting i feil rekkefølge dersom vi først skal ta stilling til korleis eldreomsorga skal sjå ut, for så å ha ein gjennomgang av kva vi har behov for.

Vi kan få støtte frå Husbanken no, men størstedelen av utgiftene må kommunen sjølv ta. For oss er det viktig at valg av type omsorg blir tatt ut frå det behovet vi har, og ikkje kva Husbanken og Rådmann finn ut at gir mest i støtte frå Husbanken.

Framlegg til vedtak:

Saka vert utsett.

Vi ber om at Rådmannen kjem attende med ei ny sak når gjennomgangen av helse og omsorg er gjennomført og handsama i kommunestyret

Det vart røysta over utsetjingsforslaget som fekk 2 stemmer (AP) mot 5 stemmer (SP,SV,H,FRP) og fall.

Arbeidarpartiet ba om eit gruppemøte.

På vegne av FRP la Boris Groth (FRP) fram følgjande framlegg til vedtak:

-Det er viktig å sikra at innbyggjarane våre kan få LEVA HEILE LIVET! Dette inneber mellom anna at kommunen må ha gode, tilrettelagte og tenelege bygg i helse og omsorgstenestene. Sidan me som ein liten kommune alt er inne i ein periode med høge investeringar på ulike felt, så er det ekstra viktig å nytte dei statstilskot som er tilgjengeleg for oss, for å kunne realisere best moglege løysingar for dette innanfor våre økonomiske rammer. Oppgraderte og nye tenelege bygg i tenestene våre, med ekstra kvalitetar som «Tropheg», eige kjøkken og integrert tryggleiksteknologi, , fleksible romløysingar bidreg til både å gjere kvardagen i heimen for bebuarane betre og trivelegare, samtidig som fornyinga av bygga gjer arbeidskvardagen enklare og betre for våre tilsette.

Frp fremjar difor fylgjande forslag til vedtak:

1. Kommunestyret ber rådmannen gå vidare med konsept 2B, men presiserer at minimumstal sjukeheimsplassar på Daletunet vert sett til 16 plassar.
2. Kostnadsramme og framdriftsplan vert godkjent og lagt til grunn for forprosjekt og søknad om tilskot frå Husbanken, inkludert kjøkken og vaskeri.
3. Rådmann får fullmakt til å tilpasse fordeling av type plassar i dialog med Husbanken for å få maksimalt tilskot. Formannskapet vert halde orientert om eventuelle justeringar.
4. Det vert reetablert kjøkken på Vaksdal, som og dimensjonerast for å kunne dekke tenestene sine



matbehov i kommunen. Vidare planlegging skal og ta omsyn til moglegheiter for reetablering av kjøkken også på Dale.

5. I denne prosessen må det vurderast å auke tal sjukeheimplassar på Daletunet, samstundes som ein beheld dagens tal på 5 omsorg + plassar.

6. Sanering av 1930 – bygget på Dale vert vurdert lagt inn i prosjektet og funksjonane her vert i utgangspunktet relokalisert i ledig areal Daletunet og sjukeheim/nybygg på Vaksdal. Ledig uteareal etter rivinga av 1930-bygget bør vurderast tilrettelagt til m.a. betre ute/hageareal.

På vegne av Senterpartiet og SV-Sosialistisk Venstreparti la Kjartan Haugsnes (SV) fram følgjande forslag til vedtak:

Partia.....vil på det sterkaste understreke trongen for nybygg helse og omsorg i Vaksdal 2020 – 2022. Med eit positivt vedtak i kommunestyret juni 2020 kan Vaksdal kommune få statstilskot frå husbanken og vil med dette kunne realisere eit stort løft i pleie og omsorg i vår kommune. Dette vil vere det beste for våre tilsette, brukarar og bebuarar.

1. Kommunestyret ber rådmannen gå vidare med konsept 2B, men presiserer at minimumstal sjukeheimplassar på Daletunet vert sett til 16 plassar.

2. Kostnadsramme og framdriftsplan vert godkjent og lagt til grunn for forprosjekt og søknad om tilskot frå Husbanken.

3. Rådmann får fullmakt til å tilpasse fordeling av type plassar i dialog med Husbanken for å få maksimalt tilskot. Formannskapet vert halde orientert om eventuelle justeringar.

4. Vidare planlegging skal og ta omsyn til moglegheiter for reetablering av kjøken på Vaksdal og på Dale. Nybygg og rehabilitering må ta omsyn til at kjøkenløyising kan endrast i framtida.

5. Kommunestyret ber og rådmannen greie ut leige av sjukeheimplassar i Modalen etter behov.

På vegne av Høgre la Erlend Hesjedal-Johannessen (H) fram følgjande forslag til vedtak:

Kommunestyret gjer vedtak om å arbeida vidare med alternativ 2A etter oppsett og tidsplan. I tillegg beheld ein 5 til 8 omsorg+ plassar på Dale samt eit eigna tal aldersbustader. Det skal leggjast til rette for lettstelte bustader i dagens bygningsmasse på Dale.

Kommunen søker Husbanken om investeringstilskot i 2020.

Arbeidet med utvikling av Helsehuset på Dale vert videreført. I dette arbeidet skal ein sjå på moglegheiter for innlemming av legekontor og fysioterapi-tenester i bygget samt andre tilhøyrande tenester som vil betre samhandling mellom tenestene.

På vegne av Høgre, la Amalie Johnsen Lunde fram følgjande tilleggsforslag:

Formannskapet ber rådmann sende ut spørsmål om innspel til alle tilsette i helse og omsorg. Dei innspel som kjem inn fra dei tilsette blir lagt fram til kommunestyret 23.juni.

Formannskapet drøfta Høgre sitt tilleggsforslag og vart samd i å endre formulering i Amalie Johnsen



Lunde sitt tilleggsforslag.

Amalie Johnsen Lunde la fram nytt tilleggsforslag som erstattar tidlegare framlagt tilleggsforslag

Formannskapet ber rådmann ta kontakt med dei tilsette sine arbeidstakerorganisasjoner for å få innspel til saken.

Dei innspel som kjem inn blir lagt fram til kommunestyret 23.juni.

Voteringsorden:

Forslag lagt fram i møtet vart sett mot kvarandre, deretter vart det forslaget som fekk flest stemmer satt opp mot rådmannen sitt framlegg til vedtak. Til slutt vart det røysta over tilleggsforslaget.

Røysting:

Forslag frå Sp og SV vart sett opp mot forslag frå FRP. Sp og SV sitt framlegg fekk 6 stemmer (SP,SV,H,AP). FRP sitt forslag fekk 1 stemme (FRP) og falt.

Forslag frå Sp og SV vart sett opp mot Høgre sitt forslag. Sp og SV sitt framlegg fekk 5 stemmer (SP,SV,AP,FRP). Høgre sitt forslag fekk 2 stemmer (H) og falt.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart sett opp mot Sp og SV sitt framlegg til vedtak. Rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk 2 stemmer (H) og falt. Sp og SV vart vedteken med 5 stemmer (SP,SV,AP,FRP).

Høgre sitt tilleggsforslag vart samrøystes vedteke.

FPØ - sak 37/2020 Vedtak/Tilråding:

Partia.....vil på det sterkaste understreke trongen for nybygg helse og omsorg i Vaksdal 2020 – 2022. Med eit positivt vedtak i kommunestyret juni 2020 kan Vaksdal kommune få statstilskot frå husbanken og vil med dette kunne realisere eit stort løft i pleie og omsorg i vår kommune. Dette vil vere det beste for våre tilsette, brukarar og bebuarar.

1. Kommunestyret ber rådmannen gå vidare med konsept 2B, men presiserer at minimumstal sjukeheimplassar på Daletunet vert sett til 16 plassar.
2. Kostnadsramme og framdriftsplan vert godkjent og lagt til grunn for forprosjekt og søknad om tilskot frå Husbanken.
3. Rådmann får fullmakt til å tilpasse fordeling av type plassar i dialog med Husbanken for å få maksimalt tilskot. Formannskapet vert halde orientert om eventuelle justeringar.
4. Vidare planlegging skal og ta omsyn til moglegheiter for reetablering av kjøken på Vaksdal og på Dale. Nybygg og rehabilitering må ta omsyn til at kjøkenløyising kan endrast i framtida.
5. Kommunestyret ber og rådmannen greie ut leige av sjukeheimplassar i Modalen etter behov.

Formannskapet ber rådmann ta kontakt med dei tilsette sine arbeidstakerorganisasjoner for å få innspel til saken.

Dei innspel som kjem inn blir lagt fram til kommunestyret 23.juni.



38/2020: TERTIALRAPPORTERING 1 - 2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Tertialrapport 1 vert godkjent slik den ligg føre.

Utgiftsida i investeringsbudsjettet vert justert opp med 3 mill som følgje av auke i prosjektet Stamnes oppvekstun. Auken vert finansiert med 2,4 mill i lån og 0,6 mill i auka momskompensasjon. Rådmannen får fullmakt til å auke låneopptaket tilsvarande.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 10.06.2020

Behandling:

Økonomisjef Kenneth Stokke orienterte om 1. tertial.

Samrøystes vedtak

FPØ - sak 38/2020 Vedtak/Tilråding:

Tertialrapport 1 vert godkjent slik den ligg føre.

Utgiftsida i investeringsbudsjettet vert justert opp med 3 mill som følgje av auke i prosjektet Stamnes oppvekstun. Auken vert finansiert med 2,4 mill i lån og 0,6 mill i auka momskompensasjon. Rådmannen får fullmakt til å auke låneopptaket tilsvarande.

39/2020: ÅRSREKNEKAP OG ÅRSMELDING VAKSDAL KOMMUNE 2019

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner rekneskapen for Vaksdal kommune, drifts- og kapitalrekneskapen for 2019 med mindreforbruk/overskot på kr 5.765.491,- på drifta og kr 0,- i kapitalrekneskapen.

Kommunestyret godkjenner årsmelding for 2019 for Vaksdal Kommune. Mindreforbruket for drifta, 5.765.491,- vert disponert som følgjer:

Kr 5.765.491 vert føreslått sett av til disposisjonfond for bruk til finansiering av eventuelle udekkede ekstrautgifter som følgje av Covid-19 i 2020. Eventuelle restmidlar utover det vert brukt til å finansiere investeringar i 2021.



Formannskap/plan- og økonomiutvalet 10.06.2020

Behandling:

Økonomisjef Kenneth Stokke orienterte om årsrekneskap og årsmelding.

På vegne av FrP, la Boris Groth fram forslag til vedtak:

Kommunestyret godkjenner rekneskapen for Vaksdal kommune, drifts- og kapitalrekneskapen for 2019 med mindreforbruk/overskot på kr 5.765.491,- på drifta og kr 0,- i kapitalrekneskapen.

Kommunestyret godkjenner årsmelding for 2019 for Vaksdal Kommune. Mindreforbruket for drifta, 5.765.491,- vert disponert som følger:

-Rådmann får i oppdrag å utarbeide ei sak om oppretting av eit prosjekt for å auke folketalet i Vaksdal kommune, gjerne med utgangspunkt i t.d. erfaringar frå tidlegare prosjekt «Vekst i Vaksdal» og liknande prosjekt i andre kommunar. Saka må utarbeidast raskast mogleg og seinast innan budsjetthandsaminga hausten 2020!

-Det vert i denne omgang sett av kr 750.000,- til eit prosjekt for auke i folketalet i Vaksdal kommune.
-Kr 5.015.491 vert føreslått sett av til disposisjonfond for bruk til finansiering av eventuelle udekkede ekstraavgifter som følgjer av Covid-19 i 2020.

Eventuelle restmidlar utover det vert brukt til å finansiere investeringar i 2021.

Kjartan Haugsnes (SV) la fram følgjande tilleggsforslag frå Ap, SV, SP, FrP og H:

Formannskapet ber om ei sak kostnad solskjerming ressursenter Vaksdal og Daletunet til kommunestyret 23.06 med målsetting om gjennomføring av slik solskjerming snarast.

Røysting

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart sett opp mot Boris Groth sitt framlegg til vedtak.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk 2 stemmer (AP). Boris Groth sitt framlegg vart vedteke med 5 stemmer (SP,SV,H,FRP).

Tilleggsforslaget lagt fram av Kjartan Haugsnes vart samrøystes vedteke.

FPØ - sak 39/2020 Vedtak/Tilråding:

Kommunestyret godkjenner rekneskapen for Vaksdal kommune, drifts- og kapitalrekneskapen for 2019 med mindreforbruk/overskot på kr 5.765.491,- på drifta og kr 0,- i kapitalrekneskapen.

Kommunestyret godkjenner årsmelding for 2019 for Vaksdal Kommune. Mindreforbruket for drifta, 5.765.491,- vert disponert som følger:

-Rådmann får i oppdrag å utarbeide ei sak om oppretting av eit prosjekt for å auke folketalet i Vaksdal kommune, gjerne med utgangspunkt i t.d. erfaringar frå tidlegare prosjekt «Vekst i Vaksdal» og liknande prosjekt i andre kommunar. Saka må utarbeidast raskast mogleg og seinast innan budsjetthandsaminga hausten 2020!



-Det vert i denne omgang sett av kr 750.000,- til eit prosjekt for auke i folketalet i Vaksdal kommune.
-Kr 5.015.491 vert føreslått sett av til disposisjonsfond for bruk til finansiering av eventuelle udekka ekstrautgifter som følgje av Covid-19 i 2020.

Eventuelle restmidlar utover det vert brukt til å finansiere investeringar i 2021.

Formannskapet ber om ei sak kostnad solskjerming ressurscenter Vaksdal og Daletunet til kommunestyret 23.06 med målsetting om gjennomføring av slik solskjerming snarast.

40/2020: UTVIDA LÅNERAMME FOR STARTLÅN

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommune søker Husbanken om Startlån på kr. 4.000.000,- . Lånet kjem i tillegg til budsjettert, og innvilga Startlån, på kr. 2.000.000 ,- i 2020.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 10.06.2020

Behandling:

Samrøystes vedtak

FPØ - sak 40/2020 Vedtak/Tilråding:

Vaksdal kommune søker Husbanken om Startlån på kr. 4.000.000,- . Lånet kjem i tillegg til budsjettert, og innvilga Startlån, på kr. 2.000.000 ,- i 2020.

41/2020: KULTURPRIS 2020 - STAD FOR UTDELING OG NY KUNNGJERING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommune sin kulturpris for 2020 vert utdelt under offisiell opning av Dale skule.

Ny annonse med oppmoding om å sende inn forslag til kulturpris vert publisert i juni, med frist 1. august 2020.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 10.06.2020

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.



FPØ - sak 41/2020 Vedtak/Tilråding:

Vaksdal kommune sin kulturpris for 2020 vert utdelt under offisiell opning av Dale skule.

Ny annonse med oppmoding om å sende inn forslag til kulturpris vert publisert i juni, med frist 1. august 2020.

42/2020: VAL AV ARBEIDSGRUPPE - STANGHELLE- KONFERANSE 2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskap, plan- og økonomiutval vel følgjande representantar til arbeidsgruppe for Stanghelle-konferansen 2020:.....

Forslag frå formannskapet

Formannskap, plan- og økonomiutval vel følgjande representantar til arbeidsgruppe for Stanghelle-konferansen 2020:

Hege Eide Vik, Boris Groth, Kjartan Haugsnes, Erlend Hesjedal-Johannessen. I tillegg vil Bygdeutviklingsutvalet bli kontakta, og oppmoda om å finne ein representant frå utvalet, som kan delta i dette arbeidet.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 10.06.2020

Behandling:

Formannskapet drøfta val av arbeidsgruppe og la fram følgjande forslag til vedtak:

Formannskap, plan- og økonomiutval vel følgjande representantar til arbeidsgruppe for Stanghelle-konferansen 2020:

Hege Eide Vik, Boris Groth, Kjartan Haugsnes, Erlend Hesjedal-Johannessen. I tillegg vil Bygdeutviklingsutvalet bli kontakta, og oppmoda om å finne ein representant frå utvalet, som kan delta i dette arbeidet.

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FPØ - sak 42/2020 Vedtak/Tilråding:

Formannskap, plan- og økonomiutval vel følgjande representantar til arbeidsgruppe for Stanghelle-konferansen 2020:

Hege Eide Vik, Boris Groth, Kjartan Haugsnes, Erlend Hesjedal-Johannessen. I tillegg vil Bygdeutviklingsutvalet bli kontakta, og oppmoda om å finne ein representant frå utvalet, som kan delta i dette arbeidet.



43/2020: VAKSDAL NÆRINGSSKAP AS - STATUS OG VEGEN VIDARE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal Næringssselskap (VNS) held fram i sin noverande form med formål om å fremja næringsutvikling i Vaksdal kommune.

Finansiering og løyvingar til selskapet skal vere ein del av det fortløpande budsjettarbeidet.

Dagleg leiar i VNS får frå 01.08.20 fast kontorplass på Heradshuset. Dagleg leiar held fram med si frie stilling i høve til den kommunale administrative leiinga. Flyttinga skal stimulere til tettare samhandling om næringsutvikling og utarbeiding av samanfallande framtidige strategiar i Vaksdal kommune og VNS.

Kommunestyret skal, utover årsmelding og årsrekneskap, informerast om arbeidet i VNS vår og haust.

Det skal leggjast fram politisk sak første halvdel av 2023 om framtidig organisering, mål og strategiar for næringsarbeidet i Vaksdal kommune fram mot 2030.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 10.06.2020

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FPØ - sak 43/2020 Vedtak/Tilråding:

Vaksdal Næringssselskap (VNS) held fram i sin noverande form med formål om å fremja næringsutvikling i Vaksdal kommune.

Finansiering og løyvingar til selskapet skal vere ein del av det fortløpande budsjettarbeidet.

Dagleg leiar i VNS får frå 01.08.20 fast kontorplass på Heradshuset. Dagleg leiar held fram med si frie stilling i høve til den kommunale administrative leiinga. Flyttinga skal stimulere til tettare samhandling om næringsutvikling og utarbeiding av samanfallande framtidige strategiar i Vaksdal kommune og VNS.

Kommunestyret skal, utover årsmelding og årsrekneskap, informerast om arbeidet i VNS vår og haust.

Det skal leggjast fram politisk sak første halvdel av 2023 om framtidig organisering, mål og strategiar



for næringsarbeidet i Vaksdal kommune fram mot 2030.

44/2020: TILTAKSMIDLAR TIL VEDLIKEHALD I 2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Tiltaksmidlar til vedlikehaldsprosjekt i kommunen vert fordelt til:

Alternativ 1: Punktutbetring vegmur i Dalseiddalen kr 2,2 mill
eller

Alternativ 2: Reasfaltering kommunale vegar

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 10.06.2020

Behandling:

På vegne av Sp,SV og Høgre la Kjartan Haugsnes (SV) fram følgjande forslag til vedtak:

Tiltaksmidlar til vedlikehaldsprosjekt i kommunen vert fordelt slik.

Kommunal bustad Markevegen 300 000,-
Ungdomsklubb Jamne 200 000,-
Vaksdal underhaldningslag/Samfunnssal 50 000,-
Vedlikehald kommunale leikeplasar 100 000,-
Dalseidvegen (Delfinansiering) 1150 000,-
Samla 1 800 000,-

Heidi Rongved (AP) la fram forslag om å støtte alternativ 2 - Reasfaltering kommunale vegar. Rådmannen sitt framlegg alternativ 2, vart sett opp mot Sp,SV og Høgre sitt framlegg til vedtak. Rådmannen sitt framlegg, alternativ 2, fekk to stemmer (AP). Sp, SV og H sitt framlegg fekk 4 stemmer (FRP, SP,SV og H) og vart vedteke.

FPØ - sak 44/2020 Vedtak/Tilråding:

Tiltaksmidlar til vedlikehaldsprosjekt i kommunen vert fordelt slik.

Kommunal bustad Markevegen 300 000,-
Ungdomsklubb Jamne 200 000,-
Vaksdal underhaldningslag/Samfunnssal 50 000,-
Vedlikehald kommunale leikeplasar 100 000,-
Dalseidvegen (Delfinansiering) 1150 000,-
Samla 1 800 000,-



45/2020: KLAGE PÅ LØYVE TIL NY FRITIDSBUSTAD PÅ GBNR 70/2/55 RAUNEHAUGEN

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Klagen vert ikkje teken til følgje, og løyve av 20.04.2020 til nybygg fritidsbustad på gbnr 70/2/55 Raunehaugen vert stadfesta.
2. Klagen vert gjeven oppsetjande verknad.
3. Saka vert sendt til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 10.06.2020

Behandling:

Assisterande rådmann Åse Elin Myking orienterte om saka.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FPØ - sak 45/2020 Vedtak/Tilråding:

1. Klagen vert ikkje teken til følgje, og løyve av 20.04.2020 til nybygg fritidsbustad på gbnr 70/2/55 Raunehaugen vert stadfesta.
 2. Klagen vert gjeven oppsetjande verknad.
 3. Saka vert sendt til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.
-



Orientering frå ordførar

- Fortsatt nettmøter framfor fysiske møter
- Møte med Greenbyte som vil koma og orientera under kommunestyret 23. juni.
- Dale skule teke i bruk frå 25. mai
- Møte i Osterfjordrådet og val av fondstyre
- Webinar eigedomsskatt
- Nettmøte Bergensalliansen
- Webinar "Saman om sentrum"
- Møte om AO senter
- Møte med eigar av Stamnes motorverkstad
- Årsmøte Vest brann- og redningsregion
- Fagdag og årsmøte Nye Bergensbanen
- LVK og kursing av folkevalde
- Fokus på folketalsauke framover

Orientering frå rådmannen

- Tiltak for folketalsauke
- Tildeling av midlar til snigleaksjon
- Hærverk
- Kommunalsjef samfunnsutvikling Helge Berset orienterte om:
 - Prekvalifiseringsrunde - oppføring av Vaksdal skule.
 - Stamnes skule
 - Næringsareal Dalegarden
 - K5
 - Straummålarar i Veafjorden og Sørfjorden
 - Tettaneset
 - Sterke sprøytemidlar

Spørsmål stilte i møte:

Boris Groth (FRP) stilte spørsmål om løyving til Daledagane.

Rådmannen svarte.

Erlend Hesjedal- Johannessen (H) stilte spørsmål knytt til heising av flagg ved Heradshuset i samband med Pride-markering.

Rådmannen svarte.

Heidi Rongved (AP) stilte spørsmål knytt til bruk av ekstern konsulent som prosjektleiar for Vaksdal skule og Stamnes oppvekstun.

Rådmannen svarte.

Thor Andersen (AP) stilte spørsmål knytt til intern utlysing av 40 % stilling som fysioterapeut.

Rådmannen svarte.